Vassfjellet, pengar eller natur?

Ikkje berre tull og moro, men og mykje viktig og vettugt. Skal vi la pengemakta styre naturen og bør vi hegne om sjølstyret? Vi har vore på revy.

Ruth Hege F. Havdal song så fint om Vassfjellet, mens Laila Saksgårds rollefigur ville omsette prakten i pengar. Foto Hege Willadsen.

Vi er heldige i Melhus, som har ein humorkanal. Han har nyleg hatt sending, med nytt om det som har hendt og hender på 7224 Melhus og omkringliggande herlegheter. Det er Melhus revylag som står bakom, og i siste veke kunne mange hundre ta del i det som laget hadde å by på. "7224 Humorkanalen" hadde fire forestillingar i kommunens kultursal, ei på torsdag og ei på fredag og to på laurdag.

Dei som framførte og formidla stoffet var Hilde Dagset, Eva Gundersen, Ruth Hege F. Havdal, Svein Hongrø, Lars O. Løvseth, Laila Saksgård, Helen Skjærvik, Unni Skånøy, Marianne Westerlund og Terje Øyan. Marita Rødset har hatt ansvaret for regien. Merk dokk namna, alle fortener dei honnør, og takk.

Det er fjerde gong Melhus revylag bed inn melhusbygger og anna folk til forestilling. Dei var ikkje tungbedne. I god tid kom dei og fylte salen. Mange hadde vore på melhusrevy før, og hadde minne om gode opplevingar og mykje moro.

Alt i introduksjonen av revyen vart publikum pensa inn på problema som eit visst parti hadde hatt med å sette opp lista før haustens valg. Men lista over revynummer stod fast, vart det opplyst, den var det ikkje nødvendig å endre på. Og så fylgde nummer på nummer.

Eit nummer var om han som skulle til doktor. Det tok halvanna månad å få time, og så gjekk det enda halvannan månad å få ei ny undersøking og svaret kom ein halvanna månad seinare. Med enkle ord var mannen for feit, og den diagnosen kunne kjerringa hans lett ha gitt han rett over bordet. Ting tar tid i eit moderne og velsmurt samfunn. Det var Lars Løvseth som hadde skrive teksten og framførte monologen.

I ei moderne tid skal ein ikkje berre tenke på vasking og orden i heimen. Folk må kunne få ha eit avslappa forhold til slikt, og heller få høve til å leva livet og gjera kva ein vil. Marianne Westerlund har skrive sketsj om dette. Eva Gundersen, Helen Skjærvik og Svein Hongrø spelte. Men da det kom melding om at svigermor var ventande, vart det fart på dei avslappa personene i stova, her måtte gjerast reint, og det fort.

Innimellom sketsjane var det lagt inn små nyhetsbulletiner. Desse var artige og gode innslag, som sette ein ekstra spiss på forestilliga, og framført på ein god og ekspeditt måte. Det var om at det var så og så mange kuldegrader på Gåsbakken, korleis været samtidg var på Hovin eller om at det på Lundamo rett og slett er kjedelig.

Så var det ein sketsj med situasjonar som mange vil kjenne seg att i. Marianne hadde skrive om eit arbeidslag som skulle på blåtur, oppleve eit fellesskap og bygge eit team som skulle styrke arbeidsgleda og gjera dei meir produktive. Dei skulle bygge ein plattform i eit møte med seg sjøl og andre. Alle aktørane var med på denne, som var skrive av Marianne Westerlund.

Terje Øyan og Lars O. Løvseth framførte dialogen "Snakkes!", som inneheldt så korte replikkar at heile sketsjen kunne vore notert på ein handlelapp. Den skildrar ein ganske typisk situasjon, to treffes, er glad for å sjå kvarandre, men veit ikkje kva dei skal seie. Dei snakkar sammen med eitt eller to einstavingsord. Det er ein prestasjon å vera skodespelarar og føre tørrpraten så lenge, utan at det blir langsamt i salen. Det vart det ikkje!

Vi kan ikkje innom alle nummera, men nemne at Svein Hongrø, Unni Skånøy, Marianne Westerlund og Terje Øyan laga ei god framstilling av korleis og kor ofte og kor lett ein eller annan kan føle seg krenka.

Unni Skånøy, Laila Saksgård og Ruth Hege Havdal hadde laga sketsjen Oppi Vassfjellet om kampen mellom naturvern og pengemakt. Ruth Hege og Laila var i rollene. Eit artig og triveleg innslag, med eit alvor bak om at alt ikkje bør målast i mynt.

Kva likte du best, er eg blitt spurt om. Det er vanskeleg å svara på. Det var så mykje bra. Eva Gundersen og Svein Hongrøs parodi på "Der som ingen skulle tru at nokon kunne bu" om livet på ein einstaka plass ved Benna, og som et apropos til hundre år i eigen heim, var i ein eigen klasse, som gjerne kunne gjort seg i humor-NM på Høylandet. Det var dei to aktørane pluss Marianne Westerlund som var forfattarar.

Vi må og nemne Terje Øyans gode framføring av monologen om at han har fått seg båt og blitt skippar. Han og Eva hadde skrive teksten.

Jau, da, det var mykje å glede seg over. Ein fin kveld vart det for oss som kom for å sjå og høre. Det er imponerande kva dei ti aktørane, som også har vore forfattarar, har fått til. Ein revy av dette kaliberet kjem ikkje av seg sjøl, det er resultat av "teambuilding" og samvirke og mykje arbeid.Dei har sikkert hatt mykje moro i prosessen, som endte med eit så fint punktum i rådhusets sal. Vi håper for aktørane, publikum og Melhus' sin del at det kjem nye spennande blikk på lokalmiljøet og alt det rare som rører seg der. Truleg blir det om to år, som har vore avstanden mellom dei tidlegare utgåvene. Vi berre gled oss til neste gong.

Men no seier vi berre hurra for for årets revy og takk for ein triveleg kveld.

Åsmund Snøfugl

Det hjelper ikkje kor mykje melhusbyggene kranglar politisk, Trondheims ordførar Rita Ottervik (Eva Gundersen) vil gjerne styre alt, også Melhus.

Heilumballonger er populært, særlig på dager som 17. mai. Nå blir det forbud på kommunal eiendom i Melhus.

Forbud mot heliumballonger på kommunal eiendom i Melhus

Formannskapet i Melhus tilrår overfor kommunestyret at det innføres forbud mot heliumballonger på kommunal eiendom i Melhus.

AV JENS GRANØIEN

Bakgrunnen er en interpellasjon framsatt av V, Mdg og SV i kommunestyret i mars i fjor. I interpellasjonen ble det vist til at flere kommuner har innført slikt forbud, og at ballongene bidrar til økt plastforurensning både til lands og til vanns.

Helium er et viktig grunnstoff som finnes i tilknytning til gassproduksjon. Stoffet er viktig for sykehus, for innsamling av værdata, i romfartsteknologi og sveising med mere. Grunnstoffet er et knapphetsgode som kan tømmes i løpet av et par generasjoner med dagens forbruk.

Bare kommunal eiendom

I saksframlegget fra rådmannen heter det at kommunen som grunneier har mulighet til å forby salg av heliumballonger på kommunal eiendom. Rådmannen mener at grunnlaget for et forbud mot salg av heliumballonger på kommunal eiendom, er godt dokumentert. Rådmannen mener at saken også bør følges opp med utredning på nasjonalt nivå, i og med at kommunens handlingsrom begrenser seg til kommunal eiendom.

I forslaget til vedtak heter det at Melhus kom mune oppfordrer samtlige lag, foreninger, restauranter og utsalgsteder med flere om å unngå bruk av heliumballonger i tilknytning til sin virksomhet.

Torbjørn T.:

Grønt skifte

Det blir snakka mykje om det grøne skiftet, men lite blir gjort.

Ein såkalla "gründer" vil byrja å henta isblokker frå Svartisen, frakta dei verda rundt med fly for å by fram isterningar til bruk i alkoholhaldige drikkevarer til dei som har råd til å betala og tykkjer dette er gildt og eksotisk. Han har greid å innbilla styresmaktene i kommunen at dette kan gje mange titals arbeidsplassar og mykje inntekter. Kommunestyret ropar "halleluja" i kor og trur at bygda si framtid er sikra. Vi får vona at høgre styresmakter stoggar galskapen.

Ei godt vaksen kvinne fortel at ho bytter ut alle møblane sine ein gong i året. Da er dei utslitne og ho har trong for å sjå noko nytt kring seg. Her gjeld det å halda hjula i gang. Det yngste av inventaret i stova vår er snart 40 år, det eldste har passert 200. Dei klarar seg og ser heilt greie ut. Men det vart vel dårlege tider for dei som lagar møblar dersom alle tenkte slik. Elles har eg kome i ein alder der eg helst vil ha det slik som før.

Kineserane er i ferd ed å gå forbi oss når det gjeld utslepp av CO_2 pr person. Og det er mange av dei. Snakkar dei om noko grønt skifte der borte i Kina tru, så lenge dei ligg langt etter oss i bilbruk, flyreiser og ålmennt forbruk ?

Ein eldre bonde skreiv kronikk i avisa Nationen (ei avis mange fleire burde lesa) om "Det grøne skiftet". Framlegget hans var enkelt, men i alle fall noko å byrja med: Vi må endra levemåten vår.